



## REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM fredag 27.10.2023 kl 0900-1000. Digitalt

Tilstades: Ole-Jørgen Jondahl, Anita Hesthamar, Magnus Steigedal, Thore Hopperstad, Arild Mc Clelland Steine,  
Gjester: Hardanger og Voss museum: Åsmund Kristiansen og Svanhild Oldervoll  
Administrasjon: Trude Rinaldo

### Til orientering:

#### Agenda:

Møte mellom rådmannsforum, rådmann Voss og Hardanger og Voss Museum for orientering og dialog om framitda.

### Bakgrunn -Særutskrift frå referat 19.10.23:

- **Felles saksutgreiing vedr. søknader frå Hardanger og Voss Museum**

*Kommunane har fått spørsmål om å auke driftsstøtte til HVM ift innbyggarnivå og no også støtte ift investeringsmidlar.*

*Rådmannsforum saman med rådmann i Voss herad vil be dagleg leiar om å kalla inn til eit fellesmøte med HVM som inneheld orientering og dialog om framtida, kva som krevst for realisering av pågåande og framtidige prosjekt. Rådmenna ber om digitalt møte fredag 27.10.23, kl 09.00-10.00.*

Presentasjon av Åsmund Kristiansen, dagleg leiar Hardanger og Voss Museum (HVM).

#### Dialog:

Rådmenna ber om bakgrunn, for å søkje stønad. Kvifor er de søkt både direkte til kommunane og ein felles søknad?

Nokon søknader er prosjekttilskot til det som er rekna som fellesige for alle kommunane i Hardanger og Voss. Eksempel er Skautfellingsprosjektet og Hardanger Folkemuseum på Utne.

Andre søknader går direkte til ein kommune. Eksempel er prosjektsøknad til Agatunet, går til Ullensvang kommune; prosjektsøknad publikumsbygget i Norheimsund går til Kvam herad.

Oppsummert så ber HVM kommunane både gi tilsagn på direkte søknader og fellessøknaden.

Kva skjer dersom kommunane ikkje vil vera med å betala på felles kulturarv? Då må den diskusjonen takast.

Hardangerrådet sendte desse søknadane vidare til rådmenna for behandling, og dei vert eller er vurdrt i budsjett for 2024.

I går hadde Hardangerrådet besøk av Riksantikvaren, og minnte oss på ansvaret også kommunane har for felles kulturarv.

Dersom ein skal gjera noko med sum tilskudd pr innbyggjar, så må alle kommunane vera enige om kva den skal ligga på, og det må til politisl behandling.

Denne diskusjonen i dag handlar om tillegsløyvingar i tillegg til fast årkleg sum. Er dette noko som vil koma kvart år, då er det eit ønskje frå administrasjonaen at ein heller diskuterar grunnbeløpet pr innbyggjar.

Presentasjone til HVM er vedlegg til referatet.

Kinsarvik, 27.10.23

Ole-Jørgen Jondahl/s  
Leiar i Rådmannsforum

Trude Rinaldo  
Sekretær